

HYRDINGEN

NR. 4

September 2013

ÅRGANG 55

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Kanopadling på

Telemarks- kanalen

Sjå side 5



Friluftsgudstenesta på Refsnes

På speidardagen 9. juni vart det halde friluftsgudsteneste på Refsnes i Vats. Det var Bjarne Hjelvik som stod for denne.

Side 3



«Vi over 60» samla til leir

Vel 70 deltagarar og leiarar var samla til leir på Lundeneset frå onsdag til sundag i byrjinga av i juli

Side 4

Sideoversikt

- Kateketen har ordet 2
Redaksjonspennen 3
Min song 3
Friluftsgudstenesta på Refsnes 3

- «Vi over 60» samla til leir 4
Vikestølmøte i gammal tradisjon 5
Kanopadling 5
Ein underleg møteplass 6
Fleire medarbeidrarar i arbeidet 7

- Frå kyrkjeboka 7 og 9
Skjoldadagar med friluftsgudsteneste .. 8
Gudstenester og møter 10-11
Vellukka auksjon og loppemarknad 12
Fellesmøtene 2013 12



HYRDINGEN:

Ansvareleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15

Jon Ådnøy

Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@

vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Mobil 413 25 280

Kontortid: Tor 9-15

Fengelsesprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Norodd Stavenjord
Mobil: 97 76 57 18

Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen

Sandeid: Rakel Årak

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Kateketen har ordet

ved kateket Britt Karstensen



Skrøpeleg, sa du?

Tanta mi døde i sommar. Det var ei kjær tante - ho hadde ikkje eigne born, så me” tantongane” fekk mykje kjærleik og omtanke. Ho blei nesten 90 år gammal. Kroppen hennar hadde gjort jobben sin gjennom eit langt liv. No hadde ho håp og tru for at det venta noko anna og betre. Jesus hadde fått være nær i livet hennar heile vegen.

Eg og bror min fekk oppgåva med å rydde etter hennar jordiske liv. Ho var glad i fine ting, tanta mi. Ho likte å pynte rundt seg og ville helst ikkje kaste slikt som ein kanskje fekk bruk for ein gong. Me blei litt betre kjend med tanta vår då me rydda - både kva ho var glad i, og kva ho streva med.

Attmed høyreapparatet låg andaktsboka - ein treng då heldigvis ikkje høyre godt for å lytte til Gud! Hjartetablettane i kjøkenskapet sa lite om hennar store hjartevarme. Dei gamle brillene kan eg aldri hugse ho trengte då ho såg meg og kva eg hadde behov for. Dei to fiskebolane i eit glas i frysen, som viste at ho var nøy sam for eigen del, minne lite om rausheten eg blei møtt med, - det mangla aldri mat til gjestene der i huset.

Av og til kan nokon og ein kvar kjenne seg litt skrøpeleg - tenkje at: - nei det kan då ikkje eg klare! Eg har så lite å fare med. Eg har ikkje dei rette talenta,

I 1.Joh 3,23 står det:

“Og dette er hans bod: Vi skal tru på namnet åt hans Son, Jesus Kristus, og elskar kvarandre, slik han baud oss.”

er ikkje sterkt nok, vågar ikkje, har ikkje råd, har ikkje tid... dessutan er det andre som er flinkare enn meg!

Tanta mi tenkte nok også slik av og til. Eg er glad ho likevel våga å opne hjartet sitt, sjølv om det banka litt i utakt no og då. At ho brydde seg og lytta, sjølv om ho trengte høyreapparat. At ho gav av det ho hadde, sjølv om ho hadde mindre inn på kontoen i månaden enn mange. At ho såg oss og kva me trengte, sjølv om detaljane av og til var litt uskarpe.

Bibelen er full av skrøpelege menneske. Gud plukka ikkje ut noko “dream-team” for å få ting gjort i ein fei. Høyreapparat, hjartatablettar og briller er ingen hindring - det er plass på vinnarlaget. Gud vil ha med oss alle, - uansett alder, helse, økonomi og status.

Kva er det så Gud vil me skal gjere?

I 1.Joh 3,23 står det:

“Og dette er hans bod: Vi skal tru på namnet åt hans Son, Jesus Kristus, og elskar kvarandre, slik han baud oss.”

Så lat oss oppmuntra og hjelpa kvarande til å gjera det då! Lat Jesus få fylgle med deg i livet og steng ikkje hjartet for dei rundt deg.

Skrøpeleg, sa du? - ingen hindring!

God haust!

Takk!

... for mykje godt stoff som er sendt inn. Ikkje alt har fått plass, då vi måtte halda oss til 12 sider. Økonomi – kallast det. Men om fleire av dei som mottekk bladet ville senda nokre kroner på giro 3201.53.18049, så kan vi ha fleire sider også, utan underskot... takk til deg som trufast bidreg med bladpenger.

Åndaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke
med når livet er som verst
SOS-Chat:
www.soschat.no
Kirkens SOS
815 33 300
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Av Steinar Skartland

Livet i kyrkjelydane er ofte avhengig av einskildmenneske. Entusiastar som står på. Brukar fritida si for noko dei har tru på eller som dei sjølv opplever stor glede ved å halda på med. Søndagsskullearbeid, misjonsforeiningar, speidaren, kor og klubb er berre litt av det som flotte menneske i Vindafjord held på med. Ofte dei same du også finn i musikkorps, fotball, friidrett, 4H eller pensjonistforeining. Samfunnet kunne ikkje greidd seg utan frivillighet og entusiastar. Førebyggjande arbeid som er med og sikrar at born, ungdom og eldre har positive tilbod.

Mykje av dette stilna av når våren gjekk mot sommar. Og kan hende er det leiarar som nå ser tungt på det å komma i gong igjen. Dei har halde på i mange år og gjort ein fantastisk jobb. Dei vil gjerne halda fram, men treng til fornying og hjelp. Nokon som kan hjelpe med det praktiske?

Kanskje nettopp du er den som nå skal stilla deg til disposisjon? Vera med litt og dela på ansvaret? Ta mot til deg og tilby di hjelp. Det er ei stor og viktig oppgåve kyrkja vår har med å føra vår kristne arv og bodskap vidare til nye generasjonar. Her kan du bety ein skilnad. Du kan få vera med i arbeidet, bety noko for andre. Det er ditt val.

Min song

Av: Kjersti Bjerga

Namn: Kjersti Hausberg Bjerga

Fødd i Hjelmeland 1977

Bur i Vikebygd

Utdanna til Adjunkt.

**Arbeidd i skulen. Arbeid: Nå i
Normisjon 50% i Akta og 30% som
leistadarbeidar (Stemnestaden)**
Søndagsskuleleiar i Vikebygd.



Kor stort, min Gud

*Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera, og leva i di frie nådepakt!
Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera, men bare kvila i det du har sagt.*

*Eg bed deg: Lei du meg igjennom verda, eg er så veik og er i framandt land!
Det mange var som gjekk seg vill på ferda og slepte taket i di frelsarhand.*

*Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda. Det har du lova i ditt eige ord.
Du visste alt om meg før du meg kalla, og gav meg plass ved nådens rike bord.*

*Lat meg få sjå på deg når synda därar: Lat meg som barn ditt faderauga sjå!
Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar eg ved din nåde skal til himlen nå.*

Dette er ein song eg høyrt og lærte av mor mi og på bedehuset heime medan eg var ei lita jente. Eg tykte det var godt at det var ein tekst som sa at eg kunne få vera Gud sitt barn. Det var ikkje noko eg ein gong kunne bli om eg var flink. Vidare var det trygt med linja om at Gud ville halda meg fast.

Slik har denne songen hjelpt meg mange gonger både som barn, ungdom og nå seinare som voksen. Det er ein

tekst som fortel akkurat korleis eg har det med tankar, tru, usikre dagar og når eg treng trøyst. Innhaldet får fram det som er det viktigaste i den kristne trua for meg. Gud har ein plan med oss, Han har valt oss ut, Han kallar ved oss og Han gjev oss ikkje opp. Ved den store nåden Han viste då Jesus måtte døy for oss og så signa over døden, kan me vera trygge på at me får vera Gud sine born og då ha det godt.

Friluftsgudstenesta på Refsnes

Av Olav Velde

På speidardagen 9. juni vart det halde friluftsgudstenesta på Refsnes i Vats. Det var Bjarne Hjelvik som stod for denne.

Det var tre dåpsfølgje med i gudstenesta. Katrine Haraldseid og Lars Terje Nesheim med veslejenta Andrine. Marren Skrunes var ein av fadrane. Ho vart sjølv døypt på Refsnes for 21 år sidan. Rigmor Jönsson og Jean Francois med veslegute Eivind. Jean er fra Normandie i Frankrike, men dei bur i Stavanger.

Valdemar Jönsson og Joni hadde kome heilt frå Vancouver i Canada med Helena. Mor til barnet, Joni, er oppvachsen i Beijing. Alle desse ynskte ei fin ramme rundt dåpen, og dei valde friluftsgudstenesta på Refsnes ved Vatsvatnet.

Bjarne Hjelvik utførte dåpshandlinga, og ein del av dåpsritualet vart lese på engelsk. Me hadde og med flag frå Frankrike, Normandie og Canada, i tillegg til det norske.

Det vart ei flott oppleving for alle som var møtt fram.





Øyvind Jønsson frå Vats var god guide då leiren var på tur til kyrkene i Etne. Dei fekk også sjå den nye kyrkja som snart er ferdig.



Sommar på Lundeneset «Vi over 60» samla til leir

Av Arne Borgemyr

Vel 70 deltagarar og leiarar var samla til leir på Lundeneset frå onsdag til sunndag i byrjinga av i juli. Det er tradisjon med ei slik samling der det er bibeltimar, aktuelle tema og eit godt sosialt felleskap står på programmet. Og me må ikkje gløyme den store verdien av å gå til ferdiglagda og god mat kvar dag.

Sosialt

Naturleg nok var dei fleste deltagarane godt opp i åra. Dei eldste var passert 90! Her kjem både ektepar og einslege. Mange sit åleine ved frukostbordet kvar dag heime. Her gler dei seg over å vere saman med andre og oppleve eit godt fellesskap. Mange har utvikla vennskap

gjennom deltaking på tidlegare samlingar gjennom åra.

Hjelp i sorg og einsemd

I år var forkynnaren Gunnar Elstad ein av hovudtalarane. Han er kjent som ein erfaren sjølesørgjar og har gitt ut fleire bøker om emnet. På leiren hadde han ein time om sorg og einsemd. Ingen tvil om det var aktuelt. Mange sørger over tap av ektefelle. Mange har levd som einslege og kjennen på einsemda ved å vere åleine. Det kom mange tilbakemeldingar på at timen var til styrke og hjelp for tilhøyrarane.

Bibel og misjon

Kvar føremiddag var det bibeltime ved Gunnar Elstad frå dei 3 første kapitla i

Kollossarbrevet. På programmet stod også misjonstime der tidlegare misjonær Tore Jåtun tok oss med til Japan. Det har ikkje vore lett å plante kristen tru i dette landet, men gjennom over 60 år har misjonen nådd inn, og me fekk glimt frå fleire kristne kyrkjelydar i landet.

Deltakarane får også sleppe til med eigne innlegg. Og det vert helst kør når ordet blir gitt fritt til vitnemål. Etter eit langt liv saman med Herren har fleire av dei trong til å vitne om kva Han har betydd i livet deira, og den avsette timen gjekk så alt for fort.

Gunnar og Herlaug Norennes frå Bjoa, som har vore misjonærar i Peru, deltok med fin song og vitnemål på eitt av møta.

Arrangør

Det er Sørvest region av NLM som arrangerer leiren i samarbeid med Lundeneset. Leirsjef Georg Mork har allereie sett ned komité for ny leir i 2014. Møta er og opne for folk frå bygdene omkring, og fleire nyttar høve til å vere med på enkeltmøte. Leirdeltakarane var veldig takksame for opphaldet, og dei gav fleire tital tusen som kollekt til misjonen og Lundeneset.



Deltakarane på Vi over 60 samla til møte.

Vikestølsmøte i gammal tradisjon

Av Steinar Skartland

Dei ville ha ein felles møtestad, dei truande venene i kyrkjesokna Vikebygd, Bjoa, Ølen, Skjold og Vats. Kristne med rot i den Haugianske rørsla. Og valet fall på Vikestølen, midt opp i det fjellet som desse bygdene ligg omkring. Det første møtet vart halde i år 1900, for 113 år sidan, men tradisjonen har halde seg gjennom alle desse åra. I styret for møtet set ein frå kvar av desse bygdene, med oppgåve å syta for at tradisjonen med fjellstemne vert ført vidare.

Søndag 30. juni, ein dag med flott vær, var det om lag 45 som tok vegen opp til stølen. Dei benka seg på terrassen utanfor hytta. I sekken var det nistemat, men først var det tid for åndeleg føde. Eit møte klokka 12 og eit til klokka 14 med bibellesing, bøn, songar og forkynning. Talaren denne dagen var Per Ølfarnes. Han er opphavleg frå Kvinnherad, men har funne sin heim i Ølensvåg. I det daglege tilknytt Lundeneset VGS.

Ølfarnes hadde vald seg Bergpreika som tekst. «De har har hørt det er sagt..., men eg seier dykk...» var ord som gjekk igjen i sitata frå Bibelen. Je-



Talaren i år var Per Ølfarnes.

sus viste til det som var sagt i Moselova, men ga si forklaring for folket som var samla på fjellet.

På oppfordring hadde Per Ølfarnes teke med seg tverrflyta si opp til stølen. Tonane frå den fekk breia seg over folket og den vakre naturen. Endre Stople song fleire songar til gitarspel av Steinar Skartland. I pausen mellom møta var det tid for mat. Praten gjekk godt mellom

turfolket som var samla her oppe i fjellet, for leiaren i styret for Vikestølsmøtet, Hans Asbjørn Aasbø, kalla saman på ny med ord frå Bibelen og andakt. I dette møtet fekk fleire koma til orde med song og vitnesbyrd, eller dei kunne berre sitja og lytta til ordet. At også yngre folk og born er med, gir von om at stemnemøta skal halda fram. At fleire skal få kopla til den kraftkjelda som Jesus er for kvar som tek imot.

Kanopadling på Telemarkskanalen

Av Steinar og Johannes Skartland

Anna kvart år dreg speidarane i Vikebygd på tur med kanoar, vekselsvis langs Telemarkskanalen og Nidelva (mot Arendal).

I år var dei 21 ungdommar og leiarar i lag, med 10 kanoar og ein kajakk. For å bli med er dei ferdig i sjette klasse.

Kanopadlinga tok til ved Fjågesund onsdag 26. juni og dei kom til Ulefos søndagen.

Her fekk dei fekk oppleva passasje gjennom sluse og overnatting i telt langs breidda. Eit stykke hadde dei lag med ei anna speidergruppe.



Ein underleg møteplass

Av prest Trygve Sandvik

Denne møteplassen er der kor alvoret og humoren møtest. Eller sagt med andre ord: Der gråten og gleda smeltar saman.

Eller der dette å gløyma møter det å hugsa, det å feila møter det fullkomne. Gamle kloke og snille Emilie fekk sagt dette så vakkert og vist med eit smil: ”No trur eg faktisk at Gud må ha gløymt meg!” Ho var over 100 år og bar på eit underleg ynskje om å få flytta heim til Jesus i himmelen.

Sjølv fekk eg tidleg oppdaga dette underlege treffet mellom det djupaste alvoret på bedehuset og den nesten elle-ville humoren bedehuspredikanten fylte heimen min med. Det er noko underlag med dette treffet mellom det fullkomne og det ufullkomne.

Dei fleste av oss plagast dagleg av det å gløyma ting. Og du treng ikkje spørja meg om dette vert verre med åra! Som misjonsskulestudent var eg med å le meg skakk av ein av professorane som hadde fått ord på seg for stadig å gløyma telefonnummeret heime hos seg sjølv! Nå må eg le av meg sjølv som tar med meg songboka heim frå forsamlinghuset et-

ter møtet! Skrekk og gru! Då er det godt å kunne le av meg sjølv! Oppi alt dette snakket om gløyminga vår er det godt å kunne spørja: Kan Gud gløyma? Mange svarar ja. Sjølv har eg også vore på nippet til å svara det same. Det gjekk ikkje slik som eg så inderleg ba om. Men gong på gong har eg vorte minna om ei verselinje eg høyrd i min ungdom: «Ja, Han glemmer min synd der på Golgata høy, men erindrer (hugsar) meg!»

Altså kan Gud gløyma! Den fullkomne Gud. Men Han gløymer ikkje meg. Det er mi synd vel og merkje Han gløymer. Dette står så tydeleg skreve hjå profeten Jesaja 49, 15-16: Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn, ei omsorgsfull mor det barnet ho bar? Sjølv om dei skulle gløyma, skal ikkje eg gløyma deg. Sjå, eg har teikna deg i hendene mine. Murane dine er alltid framfor meg.» Her er det også godt å hugsa kva som står i Lukas 15 om far til den fortapte sonen som utan å tveka sette eit gløymselens strek over sonens utilgjevelege synd og ga han full sonerett, arv og tilgjeving. Vilkåret var berre dette eine at han angra og vitna at han hadde synda imot himmelen og imot faren.



Du for eit evangelium! Det er det å hugsa og det å gløyma som endar i glad fest. Her må eg koma med ei viktig formaning til slutt. Eg vart så ofte minna om dette på tog og bussar i Japan: «Ver snild og ikkje gløym noko før du stig av.» Hugs at vi ein dag skal av livstoget når vi er framme: Har du billett og pass i orden? Dette gjeld alle livspassasjerar. Jesus fortalte om fem vise og fem uvise jomfruar. Spørsmålet gjaldt berre å ha olje på lampen. Alt anna var visst i orden. Det enda ikkje bra. Berre dette venlege «Hugs» til slutt. Det er best å få dette i orden snarast råd.

Konfirmantar ventar på jobbar

Ganske mange konfirmantar har i år skrive seg opp på ”Kjekk og grei”-gruppe”. Gjennom året skal dei bruke ein del av tida si til hjelpe for andre. Vi har primært tenkt på eldre menneske, som kan ha glede av hjelpende hand. Skulle du ha bruk for nokon til å rake lauv i hagen til hausten, lø opp ved eller andre oppgåver,

så hjelper vi gjerne til. Konfirmantane kjem i små grupper, i fylge med ein eller to leiarar. Gruppene opererer i Vikebygd, Vats, Skjold, og Ølen.

Ønskjer du hjelpe til noko, eller har du forslag om andre som treng ei handsrekking i haust eller til våren, så

snakk med ein av prestane. Johannes Nedrelid (tlf 9265 5651) held oversikt i Ølen. Jon Ådnøy (tlf 9324 5645) har ansvar i Vikebygd, Skjold og Vats.

*Beste helsing
Konfirmantleiarane*

Gjevarteneste Trusopplæring for alle

Du kan gi di gáve til trusopplæring blant barn og unge i Vindafjord til konto 3240.07.61573. Dersom du vil melde deg som fast gjevar kan du gje-re det til gjevarteneste@gmail.com

el. til Oddbjørn Mangrud tlf. 982 53 948. Gáver gjev rett til skattefrådrag, under føresetnad av at du oppgir ditt fødselsnummer.”

Helsing Kari

Kan du hjelpa med Husvære?

Kan du bidra til trusopplæringa i Vindafjord ved å stille husvære til disposisjon for vår praksisstudent Eirik Stople? Gjeld 22 veker i perioden frå sept. og ut mai månad 2014 (resterande veker er han på skule). Med eige bad og tekjkken. Rimeleg leige. Ølen el. kringliggjande bygder. Trur du at du kan hjelpe oss – ta kontakt med kateket Britt Karstensen snarast - tlf. 45221580.

Fleire medarbeidarar i arbeidet for barn og unge

Av Kari Vik Stuhaug,
leiari Felles Utval for Trusopplæring

To personar som har tatt på seg midlertidig engasjement som trusopplæringsmedarbeidarar i til saman 30 % stilling og ein ungdom som praksisstudent denne vinteren! Dette gjer det mogeleg å utvikle kyrkja sitt arbeid blant barn og unge steg for steg.

Tiltak for rekruttering førte heller ikkje i vår til fast tilsetjing av kyrkjelydspedagog. Det kom ingen søkjarar. Men lukkelegvis har me fått til ein avtale som gjer det mogeleg å gjennomføre ein del tiltak komande skuleår. Berit Stople, Sandeid har tatt på seg 20 % stilling gjennom vinteren og Lillian Eikeland fra Vikedal skal ha 10 %. Saman med 20 % som kateket Britt har, blir det dermed fylt opp til saman 50 % stilling av dei innsamla midlane. Dessutan skal Eirik Stople fra Sandeid har 22 veker praksis i kyrkja i Vindafjord som student ved Bildøy Babelskule. Det gir eit godt armlag for å gjennomføre planlagde aktivitetar med trusopplæring blant barn og unge.

Saman med kateket Britt reknar me

med at praksisstudenten Eirik skal kunne bidra særleg i ungdomsarbeidet. Han vil bruke ein god del av tida saman med ungdomsklubben i Feedback, men også i anna eksisterande arbeid blant born og unge i heile Vindafjord. Har nokon lyst til å få besøk av Eirik, anten til ein andakt eller til hjelp på ein klubbkveld, så ta kontakt med kateket Britt som koordinerer arbeidet hans. Me ønskjer Eirik velkommen og ønskjer både han, Berit og Lillian lukke til!

Det nye tiltaket denne vinteren vil vera leir for 5.-klassingane fra Imsland, Vikedal, Sandeid, Ølen og Bjoa på Brandøy i januar. Med dette tilbodet vil alle 5.-klassingane i kommunen få eit slikt tilbod (Skjold, Vats og Vikebygd har hatt det frå før).

Det blir no tilbydd fire kurs i Babysong i året, der eit kurs går i Skjold, og dei andre i Ølen. Utdeling av bok til 4-åringane er godt innarbeidd i alle bygdene. Men berre nokre få bygder har hatt eigne samlingar for fireåringane eller spesielt tilrettelagd gudsteneste. Denne hausten vil det bli arbeidd for å utvikle slike i fleire



Praksisstudent Eirik Stople.

bygder. Ved Lys Vaken for 10-11 åringane gjer mange frivillige ein flott innsats, og dette ønskjer me kan utviklast vidare. Til våren vil det bli gjennomført ny skattejaktskatt for førsteklassingane. I tillegg vil tilbod til barnehagane ved høgtidene bli utvida til å gjelde alle bygder. Inspirasjonssamlinga i mai viste at det er eit ønskje hjå frivillige å møtast på tvers av bygdene og utveksle erfaringar og tips. At tilsette kan bidra med koordinering og fagkompetanse kan gjera det lettare for dei frivillige å stå i dette arbeidet i dei mange bygdene våre. Vår gode kateket Britt Karstensen har ei trygg hand om det heile og er ein krumtapp i utviklingsarbeid og for nye medarbeidarar.

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døpte:

02.06. Stina Stueland Larsen
02.06. Gustav Strandnes
23.06. Heine Stakkestad
23.06. Isabell Håland Miljeteig
11.08. Tuva Sandvik Nybru

Vigde:

06.07. Sissel Helen Bjørnson og Arnt Richard Andreassen

Døde:

26.05. Ragnvald Enge Frøland f.1926
23.07. Kristi Andrea Roalkvam f.1921
23.07. Sofie Reisæter f.1924

IMSLAND

Døde:

02.07. Bolette Olava Kvaløy f.1922
09.08. Sigfrid Liv Ilstad f.1950

SANDEID

Døypte:

21.04. Sondre Larsen
21.04. Håvard Skjold-Stensland

Vigde:

15.06. Hilde Margrethe Owe og Øystein Markhus

Døde:

10.03. Gudrun Halldis Hustvedt f.1929

VIKEBYGD

Døde:

23.05. Cecilie Vølstad f. 1978
11.06. Jenny Meyer Eide f. 1922

Vigde:

29.06. Helga-Lise Owe og Ivar Ersland
06.07. Anne Valen og Leif Olav Støle

Døde:

20.06. Martin Dommersnes f.1947
11.07. Nora Andrea Knutsen f.1925

SKJOLD

Døypte:

16.06. Sander Amundsen
07.07. Kristian Jæger Tveit (Mo i Rana)
21.07. Live Skjold

Vigde:

03.08. Ceselie Rørtveit Thuve og Lars Eikeland Thuve

Døde:

28.04. Hans Hatlestad f. 1937
(Gravlagt Skjoldestraumen)
23.05. Silje Sørdal-Kjærland f.1986
09.06. Berit Alise Skartland f.1959

VATS

Døypte:

26.05. Olav Døvik
26.05. Nore Gjellestad Teigen
26.05. Isak Andreas Lærdal Viland
09.06. Oskar Nesheim
09.06. Helena Jønsson
09.06. Eyvind Jønsson Lamy
14.07. Ruben Grindheim (Døypt i Nedstrand kyrkje)

Vigde:

22.06. Kristin Krakk og Erik Holm

Døde:

17.06. Martha Alvseike f.1915



Prest Jon Ådnøy har godt mannskap på gudstenesteskuta si.

Vakker barnesong

Skjoldadagar med friluftsgudsteneste på Lensmannsgarden

Av Gunnar Listog

No ligg sjøen blank og lyser.
På di fedrajord skin soli.
Dette er din fjord og himmel.
Her er du sett til å vera.

Slik skreiv lyrikaren Ivar Orgland i diktet "Tidleg sommarmorgon ved Ålfjord." Men sanneleg høver verselinjene òg til Skjoldafjorden ein vakker sommarmorgon.

Ein slik varm, lun sommar føremiddag var det då Skjoldadagane vart avslutta med friluftsgudsteneste på Lensmannsgarden søndag 16. juni. Med utsyn over ein blenkjande fjord vart natur og gudsord sameint gjennom tale, song og musikk. Mange, både store og små, var møtt fram for å oppleva ei gudsteneste med andre kulissar.

Kvinneforum tek ein pause Treng fleire leiarar

Av redaksjonen

Er Kvinneforum liv laga, eller er det andre former for samlingar som kan vera aktuelle? Kvinneforum sitt arbeidsutval slit med å rekruttera leiarar og friviljuge til å vera med å arrangere desse populære samlingane. For å unngå opploying våren 2014 ber dei aktuelle leiarar mælda seg.

Kvinneforum har stort sett hatt samlingane sine på Kyrkjetunet i Ølen. Det kom 40 – 80 på møta den første tida. Ei tid noko mindre, men det har tatt seg opp igjen. På møta har gjerne ein kjent person fortalt om eit interessant tema ho er engasjert i. Ei god matøkt og Ord for dagen har vore sentralt. To frå arbeidsutvalet kan bli med vidare, men dei treng ytterlegare to-tre til for å kunna driva, og oppfordrar i brevet:



–«Me ønskjer tilbakemeldingar frå folk som har vore eller ikkje har vore på Kvinneforum. Er de ein damegjeng, ein klubb eller ei turgruppe, og de har gode idear til vidare drift eller kan tenkja dykk å vere med eitt år eller to, så ta kontakt med oss. Eller du er så tøff at du åleine tek kontakt, så er me takksame for alle innspel. Ta kontakt om de vil vera med på praktisk gjennomføring av samlingane eller i arbeidsutvalet».

Kontakt for AU i Kvinneforum:
Solveig Alvseike, telefon 90655903
solveig.alvseike@vindafjord.kommune.no
Liv Herborg Wold, telefon 98885560,
lhwold@webmail.no
Les brevet på www.hyrdingen.no

Skjold kyrkje:
**Konsert
med
Rita Eriksen
23. oktober**



Artisten med den krystallklare damestemma i den no klassiske Vamp-låten Tirn'a Noir fylla kyrkjerommet i Skjold kyrkje 23. okt. Stjernekampvinnaren, artisten som i 1994 gav ut albumet "The water is wide" og som i 2006 var synjande skodespelar på Rogaland Teater med stykket "Skyfri himmel" av Bjørn Eidsvåg. Artisten som sidan slutten av 1980-talet har gledd så mange særleg innan roots, country, blues og vise-sjanteren, vil denne kvelden syngje for oss.

Konserten er eit samarbeidsprosjekt mellom kulturutvalet i Skjold sokneråd og Den kulturelle Spaserstokken i kommunen. Det vil verta organisert skyss for eldre som treng det (annonse seinare). Billettar vil bli selde på Scanticket, men kan òg tingast på tlf. 93861400 (Liv). Velkomne til ei stor musikalsk oppleving i Skjold kyrkje!

ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vi er en
del av NLMvgs



Vi er en
del av NLMvgs



Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK 



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

FRÅ KYRKJEBOKA

ØLEN

Døypte:

- | | |
|------------|------------------------------|
| 09.06.2013 | Sara Yordanos Rossebø Svanæs |
| 16.06.2013 | Kjell Oskar Reinsnes |
| 25.08.2013 | Isabel Gordon Grundberg |
| 25.08.2013 | Miriam Mæland |

Vigde:

- | | |
|------------|---|
| 15.06.2013 | Kirsti Heie Medhaug og Vidar Hjelmeland |
| 20.06.2013 | Elisabeth Heggen og Håvard Risøy Vestbø |
| 27.06.2013 | Tanya Veronica Susegg og Arve Reistad Berge |
| 10.08.2013 | Heidi Matre og Sølve Funderud |
| 17.08.2013 | Camilla Knutsen og Branislav Balacin |

Døde:

- | | | |
|------------|-----------------------|---------|
| 23.05.2013 | Gerd Torbjørg Lint | f. 1642 |
| 22.05.2013 | Oddbjørg Lindgren | f. 1926 |
| 29.06.2013 | Jenny Cecilie Søndenå | f. 1921 |
| 30.07.2013 | Håkon Hustveit | f. 1946 |

BJOA

Døypte:

- | | |
|------------|------------------------------|
| 30.06.2013 | Hans Martinus Lygre Andersen |
| 04.08.2013 | Saga Cederløv Hetland |

Døde:

- | | | |
|------------|------------------|---------|
| 05.07.2013 | Gunborg Pedersen | f. 1967 |
| 14.07.2013 | Elly Madsen | f. 1920 |

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
08. september 16.s i treeiningstida Matt 11,16-19	Imsland kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Konf. pres/ Gullkonfirmantane innbedne. Takkoffer konfirmantarb.	Vats kl. 11.00 Fam.gudsteneste og Hausttakkefest 4-års boka Takkoffer: Diakoniarbeidet lokalt	Ølen kl. 11.00 Høgmesse Dåp og nattverd. Takkoffer til Bibelskulen Bildøy
15. september 17.s i treeiningstida Mark 5,35-43	Vikedal kl. 11.00 Familiemesse Dåp, Nattverd, Takkoffer Blå Kors. Utdeling av Mi Kyrkjebok	Skjold kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd Takkoffer: Feedback	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. 50 og 60 årskonfirmantar tek del. Takkoffer til Sjømannskyrkja
22. september 18.s i treeiningstida Mark 1, 40-45	Sandeid kl. 16.00 Høgmesse Dåp, Nattverd Takkoffer NMS Gjestepredikant Klaus Muff	Vats kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Norsk misjon i Øst Vikebygd kl. 11.00 Hausttskkefest, Konfirmantpresentasjon 50-års konfirmantane Takkoffer: Søndagsskuleforbundet	Ingen gudsteneste Ølen.
29. september 19.s i treeiningstida Luk 9,57-62 Joh 1,47-51	Imsland kl. 11.00 Hausttakkegudsteneste Takkoffer Sambolabo. Utd. av Mi Kyrkjebok	Skjold kl. 11.00 Fam.gudst. og Hausttakkefest 4-års boka Takkoffer: Sambolabo	Ølen kl. 19.00 Misjonsgudsteneste. Gjestetalar Roar Vik Nattverd. Takkoffer til NMS:
06. oktober 20.s i treeiningstida Efes 6,1-4	Vikedal kl. 16.00 Hausttakkegudsteneste Takkoffer NMS-Ifanadiana, Madagaskar. Gjestepredikant Roar Vik	Vats kl. 11.00 50-års konfirmantane Takkoffer: Sjømannskyrkja	Bjoa kl 11.00 Misjonsgudsteneste. Gjestetalar Roar Vik Nattverd. Takkoffer til NMS
13. oktober 21.s i treeiningstida Luk 12,13-21	Sandeid kl. 11.00 Hausttakkegudsteneste. Dåp. Takkoffer Sambolabo, Kamerun. Utdeling av Mi Kyrkjebok.	Skjold kl. 17.00 Takkoffer: Kyrkjelydens Misjonsprosjektet	Ølen kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer til kyrkjelydspedagog
20. oktober 22.s i treeiningstida Luk 10,25-37	Imsland kl. 16.00 Høgmesse Nattverd	Vats kl. 11.00 Nattverd Takkoffer:	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til KFUK/ KFUM-speidere
25. oktober			Ølen kl. 20.30. Ungdomsgudst.
27. oktober Bots-og bededag Luk 15,11-32	Vikedal kl. 11.00 Gudsteneste Takkoffer til diakoniarbeidet.	Vikebygd kl. 11.00 Takkoffer: Orientmisjonen Skjold kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd. Takkoffer: Institutt for sjèlesorg	Ingen gudsteneste.

Inspirasjonssamling om pilgrimsarbeid

Av Ingerid Aadland

Torsdag 12. sept. inviterer Utval for piligrims- og retreatarbeid til samling på Kyrkjetunet i Ølen kl. 19.00. «Kast loss» er overskrifta, og me ynskjer å setje fokus på kystpilegrimen og kystpilegrimsleia denne kvelden.

Pilegrimsrådgjevar ved Stavanger bispekontor, Margun Pettersen, kjem og fortel og viser biletet frå pilegrimsseilasane som har gått frå Stavanger til Nidaros dei siste åra.

«Kast loss», er tittelen på den siste boka til Britt Holgersen, der ho fortel om den keltiske pilegrimen Donagh som braut

opp og let Gud føre seg over havet til Rogalandskysten. «Arven frå vest» er tema for föredraget som tidl. Domprost i Stavanger Berit Andersen vil halde for oss.

Kvelden blir avslutta med ei keltisk kveldsbøn, leia av Harald Grønnevik.

Me tek opp ein kollekt. Overskotet går til Utstein pilegrimsgard.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

Bedehusa i Skjold

10 Sept.	TYSD	Ersland	Flymisjonen
15 Sept.	SUND	17:00 Kyrkja	G 17 / S. skule
16 Sept.	MÅND	19:00 Ersland	Yngres
17 Sept.	TYSD	Austrheim	Samemisjonen
19 Sept.	TORS	19:00 Ersland	Basar Indre Sjø
24 Sept.	TYSD	Isvik	NLM Misjonssamb.
26 Sept.	TORS	Ersland	Bønemøte
29 Sept.	SUND	11:00 Kyrkja	Gudst. 4-års + hausttakk
30 Sept.	MÅND	19:00 Ersland	Yngres
1 Okt.	TYSD	Ersland	Kr. Muslimmisjon
5 Okt.	LAUR	13:00 Austrheim	Bedehusbasar
8 Okt.	TYSD	Austrheim	NMS - Misjonsselsk
10 Okt.	TORS	Ersland	Bønemøte
13 Okt.	SUND	17:00 Kyrkja	Gudsteneste
14 Okt.	MÅND	19:00 Ersland	Yngres
15 Okt.	TYSD	Isvik	Ev. Orientmisj. BE-gjeng.
21 Okt.	MÅND	Austrheim	Innsaml. v/ Hasseløy
22 Okt.	TYSD	Ersland	Normisjon
24 Okt.	TORS	Austrheim	Møte v/ Hasseløy
27 Okt.	SUND	17:00 Kyrkja	G 17 / S. skule
28 Okt.	MÅND	19:00 Ersland	Yngres
29 Okt.	TYSD	Austrheim	Indre Sjømannsmisj.

Vågen bedehus – møte og arrangement

Møtetid er kl. 19.30 når ikkje anna er oppført.

3. - 8. september	Fellesmøte på Bjoa
11. september	Bønnemøte
15. september	Søndagskaffi kl. 16.00
18. september	Bønnemøte
22. september	Søndagsmøte. Klaus Muff
25. september	Bønnemøte og info om nytt bedehus
29. september	Søndagsmøte
2. oktober	Basar v/NLM Enig & tro
6. oktober	Bønne- og vitnemøte
9. oktober	Bønnemøte
13. oktober	Søndagsmøte
15.-20. oktober	Møteveke v/NLM
23. oktober	Bønnemøte
27. oktober	Søndagskaffi kl. 16:00
30. oktober	Bønnemøte med info om nytt bedehus

Møte Vikebygd bedehus:

To. 29. aug.	kl.19.30	Gladsong v. Georg Kallevåg, D.i. sjøm.misj. Enkel servering
Lø 7. sept	kl. 15:30	Laurdagsklubb
To. 12. sept	kl. 19.30	Møte Orientmisjonen v. Ivan Vik. Song/mus. Be-gjengen
Fred 20. sept	kl. 19.00	Basar, Normisjon. Gjermund Lygre.
Lø 21. sept	kl. 15:30	Laurdagsklubb
Lø 5. okt	kl. 15:30	Laurdagsklubb
To. 10. okt	kl. 19.30	Møte Samamisjonen
To. 17. okt	kl. 19.00	Filmkveld
Lø 19. okt	kl. 15:30	LaurdagsklubbJens

Isvik bedehus

Festmøte på Isvik bedehus torsdag 31.10. kl. 19.00. Åpent for alle. Me feirer Trygve Sandvik sin 90-års dag Tale av Klaus Muff Song: Feedback. Bevertning. Misjonsgåve til NMS Alle er hjartelag velkomne.

Kyrkjebunnen

Du finn informasjon om kva som skjer på heimesida: www.kyrkjebunnen.no.

Kyrkjebundagane vert 21-22 september! Loppemarknad på laurdagen og komlemiddag på sundagen. Me treng lopper til marknaden! Har du noko du vil gi til loppemarknad eller auksjon? Me står klar til å ta i mot. Kontakt ein av oss:
Harald Heggen 917 61 637. Lars Dalen 98 28 68 26
Olav Granberg 53 76 86 86 / 952 17 818

Bedehusa i Vats

4/9	Kr.muslimmisjon	Kl 19:30	Øvre Vats b.h.
11/9	Indre sjøm.misjon	Kl 19:30	Blikrabygda
12/9	Bedehusbasar	Kl 19:00	Øvre Vats b.h.
18/9	Normisjon	Kl 19:30	Kårhus
19/9	Temasamling	Kl 19:30	Øvre Vats b.h.
25/9	NLM	Kl 19:30	Øvre Vats b.h.
2/10	NLM	Kl 19:30	Blikrabygda
6/10	Samemisjonen	Kl 19:30	Øvre Vats b.h.
9/10	Norsk Gideon	Kl 19:30	Kårhus
16/10	Samemisjonen	Kl 19:30	Øvre Vats b.h.
18/10	Normisjon	kl. 19.30	Kårhus
18/10	Bedehusbasar	kl. 19.00	Kårehus
22/10	Innsamling Open Heart	Kl 13-19	Øvre Vats b.h.
23/10	NMS	Kl 19:30	Blikrabygda
24/10	Temasamling	Kl 19:30	Øvre Vats
30/10	NLM	Kl 19:30	Kårhus

Vats bedehus / soknehus:

29.8. vart tomta for det framtidige huset oppmålt. Vindafjord kommune har gitt løyve til frådeling og det er tid for kjøpekontrakt, tinglysing og betaling. Bruk bankkonto: 3330.24.11242 til di støtte. Tusen takk til alle som har gitt støtte! Me er nå organiserte i Brønnøysund / Frivillighetsregisteret. Det medfører at me får del i Grasrotdelen. Dei som ”spelar” i Norsk tipping kan velja at litt av innsatsen dei spelar for, skal gå til ei ”sak / foreining” som dei vel ut. For å ta del i denne måten å gi støtte på, må ein gi opp org.nummeret 911818744 til Kommisionæren når ein skal ”tippa”.

Temasamlingar

Soknerådet og NAMU-utvalet i Vats inviterar til nye temasamlingar, denne gong med hovedtema ”Der det nye livet lever”. John Birger og Liv Herborg Wold vil undervise og leia oss gjennom seks samlingar frå september 2013 til mars 2014. Samlingane vert på Øvre Vats bedehus frå kl 19.30 – 22.00.

19.sept :	Tema: «Der det nye livet lever»
24.okt :	Tema: «Å berre vera»
21.nov :	Tema: «Just do it»
23.jan :	Tema: «Tru på heimabane»
20.febr :	Tema: «Teikn og under»
20.mars :	Tema: «Smittande tru»

Det vert tilrettelagt for at temaene kan nyttast vidare i smågrupper mellom kvar samling. Det vert kaffi, te og frukt. Alle er hjartelag velkommen!

Samtale- og bønnegrupper i bygdene våre

Av Jens Tveit

Det går mot sommar, og på bedehuset i Austrheimsbypga samlast ein del folk seg før ferien. Det er om lag 20 stk., for det meste unge vaksne – medlemer i bønnegrupper kringom. I 2-3 år har gruppene samlast kvar 14. dag. Nå er det 7 grupper, nokre for berre kvinner, andre for menn, og somme er blanda. Mange av dei aktive er i småbarnsalderen, og sidan ein del m.a. må sjå til ungane, manglar fleire denne kvelden.

Me vil gjerne høyra meir om desse bønnegruppene, og Hege Sørhus fortel om opplegga.

– Me er 6 – 10 i kvar gruppe, og er rundt i heimane hos kvarandre. Samlingane tek til kl. 20.00 i vår gruppe, men me prøver gjerne å komma litt før for å drøsa om litt av kvart før «programmet» tek til. Me har ei bok for bibelgruppe med innleiande stoff og spørsmål til samtale. Dei siste 3 kvarterna brukar me til bønn.

Når det gjeld mat, så gjer me det veldig enkelt med kaffi / te som står på bordet, og kanskje litt kjeks eller frukt å bita i utan å bryta av samtalane. Kl. 10.00 sluttar me av. Noko av det beste med å vera på gruppa er å ha nokon å snakka med,- venner som lyttar! Hege fortel at ho gleder seg til kvar gruppesamling, og ho prioritærer desse samlingane svært høgt.

Berge Thomas Velde er med på ei anna gruppe samansett av 7 menn. Han fortel at bakgrunnen for gruppene var nokre livnære kurs ein del var med på.

– Me startar kveldane med eit enkelt måltid, og livleg drøs om laust og fast. – Den som er vert for kvelden har ofte tenkt ut eit emne som me samlar oss om vidare.

- Etter eit par år i lag på gruppa er me blitt godt kjende og trygge. Me vågar å opna oss, og får vera til hjelp for kvarandre. Det kan gå på slitasje, sorg, smerte og ymse utfordringar.

Til slutt har me ei bønestund der me kan leggja fram spesielle forbønsynskje.

- Det beste med desse kveldane er at ein får sett av tid til noko av det viktigaste i livet. Mange av oss er i småbarnsfasen, og kva tid skulle me elles få til slike samtalar? Han rår sterkt til at fleire kjem og blir med (at gruppene blir så store at dei kunne delast opp!). – «Dei som samlast i gruppene er vanlege folk med vanlege utfordringar, så hjarteleg velkommen!»

- På spørsmål om samlingane i gruppa gjer noko med han, svarar Berge Thomas: «Ja utan tvil. Fellesskapet i gruppa gir påfyll og inspirasjon. Eit slikt forum gir hjelp til å setja ord på ting, mellom anna om tru og tvil.»

Vellukka auksjon og loppemarknad

Av Tone S. Andreassen

Laurdag 27. juli arrangerte Vikedal sokneråd i samarbeid med arbeidsgruppa for nytt kyrkjelydshus, auksjon og loppemarknad på Vikedal Bygdahus.

I det flotte sommarveret strøymde folk til marknaden i hopetal. Musikgruppa «Syng og spel» skapte god marknadsstemning med mange fine songinnslag for alle dei som venta på at marknadslokalet skulle opne dørene. Auksjonen vart halden ute i godveret. Auksjonarius denne dagen var Ottar Andreassen. «Gi bod!» ljoma det utover menneskemengda. «20 kroner, 50 kroner, 100 kroner. Nokon høgare? 150 første gong, andre gong, sold!» Hammaren vart slegen i bordet.

Mange flotte gjenstandar kom under hammaren. Handel for nokon, underhaldning for andre. Alt vart sold med godt økonomisk resultat. Inne på Bygdahuset føregjekk loppehandelen for fullt. Folk handla og fekk med seg mange fine «lopper» til svært gode priser. I kafeen kunne ein kjøpe seg mat og kaffi. Marknadsfolket såg ut til å



kose seg denne dagen. Blant dei frammette kunne ein høyre ”Dette må bli ein tradisjon” eller ”De skal vel lage til loppemarknad neste år også?” Det blir loppemarknad neste år. Laurdag 2.august er dagen!

Vikedal sokneråd og arbeidsgruppa for kyrkjelydshus vil rette ein stor takk til alle om gav gjenstandar til marknaden, til alle som kom på marknadsdagen og til slutt ein stor takk til alle dei friviljuge som hjelpte til i dette arbeidet. Totalt kom det inn kroner 44.000 .-



Berge Thomas Velde



Hege Sørhus

Fellesmøtene 2013 3.-8. september

Hovudtalar:
Håkon Fagervik



Kyrkjetunet, Ølen
Bønneskole:
5. – 7. september
kl. 10.00 – 12.00

Bjøa Kyrkje:
Torsdag 5. sept. kl. 19:30

Sang: Tor Magnar Sjo

Fredag 6. sept. kl. 19:30

Sang: Einar og NonStop

Lørdag 7. sept. kl. 19:30

Sang: Einar Band

Søndag 8. sept. kl. 19:30

Sang: Sissi og Johannes Kringlebotn

Ølen Kyrkje
Søndag 8. sept. Gudsteneste kl 11.00

Arrangørar:
Bjøa Sokneråd, Ølen Sokneråd,
Innbjøa Bedehus, Vågen Bedehus,
Kyrkjetunet Ølen

Gudstenestelista sjå side 10!

Neste nr. av hyrdingen er 24. oktober. Frist for innlevering er 30. september.